

1 Vi trengjer ei studentpolitikk nær folk!

4 Det er mykje som skiljer god og dårleg kvalitet i studietida. Noko som er heilt
5 essensielt er god studentvelferd. Det er viktig at dagens regjering framhalder
6 det gode arbeidet for å styrka økonomien til studentane, for å gjera det litt meir
7 komfortabelt å vera student.

8 Vidare vil med ikkje takle morgondagens utfordringar om me ikkje har god
9 nok kvalitet i utdanninga. Difor er det viktig med gode undervisarar, gode
10 oppdaterte og relevante læremiddel, gode praksisopphald, og gode læringsmiljø.
11 Institusjonane må i stor grad hjelpe fysteårsstudentar til å komme i gang med
12 god studieteknikk for å gjere overgangen frå vidaregåande til høgare utdanning
13 lettare.

14 Livet rundt studia er vel så viktig som sjølve innhaldet i studia. Difor er det
15 viktig at politikarar på alle folkevalde nivå og universiteta og høgskulane sjølv,
16 legg til rette for studentforeiningar og andre tilbod. Det er eit viktig satsing-
17 sområde å jobba for at studentane òg opplev universitets- og høgskuleområdet
18 som ein attraktiv plass å vere, sjølv etter at undervisninga og leseøkta for dagen
19 er omme.

20 Sist, men ikkje minst, er det viktig å respektere den akademiske fridommen.
21 Han gjeld studentane så vel som dei tilsette. Både dei tilsette og studentane
22 må både få vere med i demokratiske prosessar og leiinga, både høgt og lavt, i
23 sektoren er forplikta til å lytta til dei og deira behov.

24 **Senterungdomen vil:**

- 25 • Auke studiestøtta til 1,5G (grunnbeløpet i folketrygden), samt 12-månaders
26 studiestøtte
- 27 • Bygge 3000 nye studentboliger, samt gje pengar til rehabilitering av ek-
28 sisterande bygg
- 29 • Studentbustadene skal ha lågt klimafotavtrykk, eller vere av plusshus-
30 standard
- 31 • Sikra god kvalitet i utdanninga
- 32 • Studentbustader skal vere rimelege for studentane
- 33 • Sørge for at studenthelse, både psykisk og somatisk, skal kartleggjast og
34 det skal greiast ut tiltak for å betre situasjonen deira

- 35 • Sørge for at høgere utdanningsinstitusjoner legger godt tilrette for stu-
36 dentforeningar
- 37 • Gjere det billegare og lettare å kome seg rundt omkring med kollektiv-
38 transport eller andre delingstjenester
- 39 • Sikra studentsamskipnadene gode rammevilkår, samt syta for god stu-
40 dentmedvirkning i samskipnadene

Innsendt av Dorthea Enger